



FAU Knarvik barneskule

Referanser:

Dykkar: Marie Lekva
Vår: 17/154 - 17/32855

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

20.11.2017

Svar - Trafikksituasjonen ved Knarvik barneskule

Det er flott at FAU har sett i verk tiltak for å betre trafikksituasjonen ved Knarvik barneskule. Informasjon og god kommunikasjon med foreldre og elevar virkar, så FAU må fortsetje med det arbeidet for å få til endring over tid!

Lindås kommune ved vegavdelinga skal gjere nokre enkle tiltak for sjå om det kan betre litt av situasjonen. Det vert bestilt inn skilt for å reservere 4 av parkeringsplassane ved vendesløyfa til bringe/hente morgon og ettermiddag med varighetsavgrensing. Me kjem og til å sjå på om me kan gjere noko meir med merkinga i og rundt vendesløyfta, men det krev både tørr asfalt og mildver.

Eit tiltak som andre FAU i Lindås har praktisert, er å nytte foreldre som trafikkvaktar i tida før skulestart og ved skuleslutt. Kombinert med ein «gladkampanje» for å informere om korleis reglane er, då er det ikkje rom for å skylde på manglande informasjon.

Det vert i tillegg sendt eit brev til Knarvik vidaregåande skule, med oppmoding om å informere både tilsette og elevar om at det ikkje er lovleg å parkere langs gang-/sykkelvegar.

Med helsing

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

FAU Knarvik barneskule

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

